NORGES BYGDEKVINNELAG

# Rogaland

# Årsmeldinga 2021



*Koronatiltak i Suldal der Sand Bygdekvinnelag bidrog med matlaging ute i lag med elevane på sommarskulen*



LOKALMAT

coop

**I Norge har vi mange fantastiske råvarer og spennende sesonger. Coop støtter norsk matproduksjon og tilbyr deg flere lokale varer.**

# Innhald


Norges Bygdekvinnelags song ........ 4
Hilsen fra Ordføreren i Lund til Rogaland Bygdekvinnelags årsmøte ........ 5
Helsing frå distriktsleiar. ........ 6
Styret i Rogaland Bygdekvinnelag 2021 ........ 8
Soneinndeling ........ 8
Representantar i nemnder og utval i Rogaland Bygdekvinnelag 2020- 2021 ........ 9
Æresmedlemmer i Rogaland Bygdekvinnelag ........ 10
Representasjon 2021 ........ 11
Arbeid i distriktsstyret ........ 13
Protokoll frå Rogaland Bygdekvinnelags årsmøte 2021 ........ 15
Lokallagsamling i Haugesund ........ 20
Distriktsleiarsamlingar 2021 ........ 22
Finnmarkstur med distriktsleiarsamling ........ 23
Referat frå Inspirasjonsseminar Lillehammer 5. – 7. nov. 2021 ........ 26
Aktiviteten i 2021 til Bygdekvinner deler matglede i Rogaland. ........ 29
Medlemsutvikling Rogaland Bygdekvinnelag ........ 34
Lokallagsleiarane 2021 ........ 35
Lokallagsleiarane 2022 ........ 36
U-landsutvalet ........ 37
Rekneskap 2021 ........ 39





*Dalanes finaste blomer finn du på Stasjonsveien 6, 4460 Moi*

## Norges Bygdekvinnelags song

Tekst: Mona Skrede

Mel.: Sov du vesle spire ung

Norges Bygdekvinnelag løfter høgt si fana
Brukar tida dag for dag alltid er på bana.
Kvinner vil og kvinner kan, byggjer bru, gå hand i hand.
for eit trygt og velstelt land vi til kamp vil mana.

Jorda vår med alt som gror, den er fundamentet,
for alt liv og mat på bord, vi frå den må hente.
Bruk den rett – vår bodskap stor; Reint miljø er meir enn ord.
Handling, tæl og kurs og ror, vi kan ikkje vente.

Heim, familieliv så visst er vårt mål å freda.
Born som fødest, veks og trivst. Livets største gleda!
Skulen vår og god kultur, arbeidsplassar der vi bur.
Flukta bort frå bygda snur. Kvinner har idéar.

Utan kvinner er det sagt, Bygde-noreg stansar
Difor trengs det dagleg vakt, kløkt og opne sansar.
Kvinners rett vi fram skal stri. Og, vi vil i bygda bli!
Vår ressurs til landet gi. Arbeidskraft og ansvar.

# Hilsen fra Ordføreren i Lund til Rogaland Bygdekvinnelags årsmøte



*Ordførar Magnhild Eia*

Lund kommune setter stor pris på at årsmøtet i 2022 er lagt til den sørligste kommunen i Rogaland med Lund Bygdekvinnelag og Heskestad Bygdekvinnelag som vertskap. Etter to år med pandemi og utfordrende smittevernregler er det gledelig at delegatene igjen kan samles fysisk.

Velkommen til naturkommunen, vakre Lund, med bygdene Moi, Hovsherad og Heskestad!

Bygdekvinnelaget er et unikt fellesskap med verdier som samfaller med og støtter opp om Lund kommunes visjoner og strategier for utvikling av levende bygder, inkludering og fellesskap.

I Lund er det et aktivt landbruksmiljø der det i senere år har vært mange generasjonsskifter og betydelig satsing på fremtidsrettede investeringer. Flere er også kreative og satser på gården som ressurs i vid forstand. Kortreist lokalmat og lokale produkter, opplevelser, reiseliv og nærturisme er bare noen stikkord i den forbindelse.

Kommunen har fokus på bolyst, trivsel, folkehelse og utvikling av gode mål for turer i terreng av ulik vanskegrad og lengde. Sætraområdet i Hovsherad er en helårsdestinasjon med Gauksomhytta, dagsturhytta i Lund, som nyeste attraksjon på lista. Vannsportaktiviteter og besøk og turer på historiske stier til Gursligruvene eller over Tronåsen viser noe av bredden i kultur- og aktivitetstilbudet.

Lykke til med engasjerende dager og gode, felles opplevelser! Godt årsmøte!

## Helsing frå distriktsleiar.



*Marianne Jøsang på Tanavassdraget*

2021 er forbi, og 2022 har starta med både gode minner frå det siste året, og med ny giv inn i nye tider. Utfordringa i året som gjekk har vore den forhatte pandemien. Men på trass av den, så har aktivitetar og arbeid føregått på ganske høgt nivå blant medlemmer, lokallag og distriktsstyre i det ganske land. Me har måtta bruke fantasien for å få til å møtast, og for lokallaga har mykje føregått ute. At det har vore både store gleder, og kanskje òg ein del frustrasjon, det tviler eg ikkje på.

Eg vel å tru at det har gjort godt å bruka kreativiteten til å kunna få til aktivitetane på ymse vis. Det har vist igjen over alt på f.eks. Facebook, Instagram, osb. Me har blitt "ekspertar" på det ukjente og mykje omtala "nettet". Og første lokallagsamling på Teams hadde me i januar `21.

Teams og Zoom har vorte nye samlingspunkt. Og dette har kome for å bli, då det sparer oss for reising og utlegg. Men sjølvsagt gjer det kjempegodt å få laga fysiske treff innimellom. Alle følgjer sjølvsagt retningslinjene til FHI så godt det lar seg gjere.

Det fysiske årsmøtet 2021 blei avlyst grunna restriksjonar. Derimot hadde me ei koseleg samling på Teams, der årsmøtesakene kom vel i hamn. Fleire av lokalstyra hadde samla seg føre ein skjerm i ei stove, eller liknande. Både Jorunn Henriksen, leiar i Norges Bygdekvinnelag, og nestleiar Unni Skadsem deltok på årsmøtet.

Prosjektet Bygdekvinner deler matgleder (BDMG) byrjar å nærma seg slutten. Men dette er verkeleg noko som har sett Bygdekvinnelaget på kartet. Del av Arbeidsutvalet var til og med i eit intervju i Rogalandsendinga på radioen den 28.desember! Snart er det klart for å sende sluttrapportar. Alt arbeidet som er gjort skal takast vare på. Og nå foregår det litt mingling i lokallaga. Kanskje vert det nye prosjekter?

15. juni var lansering av ny logo. Dette var og ei anledning for oss i styret å ha fysisk samling. Først hadde me oppsette saker, og deretter var me på Zoom med Norges Bygdekvinnelag for å sjå og høyre om den nye logoen. Tilbehøyra og bruksområde er breitt. Oppmodinga om å ta dette i bruk, står framleis.

Gjennom våren og sommaren oppfordra Norges Bygdekvinnelag alle til å engasjera seg før Stortingsvalet. Sakene dei gjorde blest om var jordvern, skulemat, breiband, og frivilligheit. Den aller viktigaste saka var å stå opp for bøndene for at dei skulle få meir i økonomisk støtte. Og her var det stort engasjement. Mange siloballer, vart nytta for å understreke.

Sidan tida vart som ho vart har det vore få høver til å ha større samlingar. Distriktsstyret i Rogaland har i staden delteke på Zoom i regi av Norges Bygdekvinnelag. Der har det vore gode samtaler, og det har vorte utveksla informasjon på kryss og tvers av distriktsstyrer frå heile Norge.

Eit ganske stort tema har gått igjen dette året. Og det er fråfall av medlemmer. For å stoppe dette, ynskte me i Rogaland å ha ein vervekonkurranse. Me ville rett og slett prøva å piffe opp stemninga litt. Dette kunngjorde me i slutten av august, via Teams, der og Jorunn Henriksen var med oss. Det lokallaget som hadde fått flest medlemmer i løpet av heile 2021, skulle få eit gåvekort frå Bondekompaniet til utdeling på lokallagsamlinga i november. Ståpå-viljen var stor og talet auka igjen med til saman 51 nye medlemer, og det er me i styret stolte over at de har klart. Godt jobba! Me ser og at ein del yngre nå kjem inn, med friskt mot og til stor glede for alle.

Tana Bygdekvinnelag i Finnmark annonserte tidleg at dei ynskte å halda ei distriktssamling. Eg, som leiar, var spent på korleis "tida" skulle la oss få gjennomføre denne turen, og jammen gjekk det i boks. Ein flott tur, og god samling med kjekke damer frå heile landet. Og ikkje minst; den hjartevarmen me vart møtt med av damene i Tana, er uforgløymeleg.

Kanskje vart det ein "boost" for mange då dei høyrde kor godt Finnmarksturen gjekk, for no gjaldt det at "tida" kunne la oss reise på Inspirasjonsseminar til Lillehammer. Og jammen gjekk det i boks og. Heile distriktsstyret var med, og til saman var me 20 stk frå Rogaland, som fekk mykje god inspirasjon i regi av Norges Bygdekvinnelag, og i lag med til saman ca. 200 damer frå samlege fylker, i starten av november.

I slutten av november vart det skipa til lokallagssamling i Haugesund. Den første samlinga i Rogaland på ca. eit år. Dette gjorde godt. Me var ca 50 stk. som fekk vere saman, kursa oss, og ikkje minst kosa oss. Premien på 2500,- frå Bondekompaniet, til vervekonkurransen vart delt ut til Sandnes Bygdekvinnelag. På andreplass kom Sirdal, og tredje Bjerkreim, og dei fekk kvar sin pose med eplemost, spekemat og flatbrød. Ei stor gratulasjon til alle desse!

Det vart samstundes litt 75 års markering for bygdekvinnelaget, og me hadde god middag og stor marsipankake. Både æresmedlem Målfrid Stangeland, og medlem gjennom mange år, Liv Hobberstad, hadde trivelege opplesnader.

2021 har vore ei spanande "reis" for leiaren, både med tanke på kor kjekt det er å få vere med på alt, bli endå meir kjent med bygdekvinnelaget og medlemmane, og få delta i dei gledene og samhaldet bygdekvinnelaget gir. Men og utfordring i å handtere dei rette vala ovanfor pandemien. Eg er både audmjuk og stolt over å få vere ein del alt dette.

Då vil eg til slutt få takka for alt arbeid som har vorte gjort gjennom heile 2021.

Takk til medlemmer og lokallag som har stått på for å halde liv i levande bygder.

Takk til dei i prosjektet Bygdekvinner Deler Matgleder som har fått til aktivitetar på tvers av både tradisjonar, organisasjonar og kulturar.

Takk til sentralstyret i Norges Bygdekvinnelag for at de er der for oss, og støtter opp i dei fleste høve.

Takk til distriktsstyret for god støtte og godt samarbeid. Utan dykk hadde eg vore veldig "amputert".

*Helsing distriktsleiar Marianne Jøsang*

## Styret i Rogaland Bygdekvinnelag 2021

| | |
|---|---|
| ***Leiar* Marianne Jøsang** | ***Styremedlem* Gro Mabel Anda** |
| Suldalseidvegen 311, 4237 Suldalsosen | Kjengaren 76, 4352 Kleppe |
| E-post e-post: marianne.m.josang@gmail.com | E-post - Gromabel.anda62@gmail.com |
| ***Nestleder:* Solveig Marie Ådneram** | ***Bondelaget sin rep.* May Brit Lode** |
| Adr. Sirdalsveien 8890 4443 Tjørhomv | E-post maybirk@hotmail.com |
| Epost: solveig.adneram@gmail.com | ***Bygdeungdomslaget sin rep: Håkon Goa*** |
| ***Styremedlem* Margrete Tytlands*vik*** | E-post tevling@rbu.no |
| Fisterhammaren 21 4139 Fister | |
| E-post: margretetyt@gmail.com | ***1. Vararepresentant* Else Heskestad** |
| | Gamlevegen 829 4463 Ualand |
| ***Styremedlem* Inga Lill Håkull** | Epost: elsehes@gmail.com |
| Lensmannsveien 29, 5574 Skjold | |
| Epost: karluf.hakull@outlook.com | ***2. Vararepresentant  Wenche Håland*** |
| | per.kare.haaland@lyse.net |

## Soneinndeling

*Sone1:* Bjerkreim, Heskestad, Helleland, Lund, Sirdal

*Sone 2:* Bore, Klepp, Orre, Nærbø, Time, Varhaug

*Sone 3:* Gjesdal, Fjellbygda, Sandnes, Sola, Randaberg

*Sone 4:* Erfjord, Hjelmeland, Ropeidhalvøya, Sand, Sjernarøy, Suldal

*Sone 5:* Imsland, Skjold, Skåre, Tysvær, Vats

## Representantar i nemnder og utval i Rogaland Bygdekvinnelag 2020-2021

**Arbeidsutval:**

Marianne Mørk Jøsang,
Solveig Marie Ådneram

Fylkeskontoret

**Repr. i styret til Rogaland Bondelag:**

Marianne Jøsang

**Repr. i styret til Rogaland Bygdeungdomslag**

Solveig Marie Ådneram

**Presseutval/kontakt:** Arbeidsutvalet

**Nettredaktør:**

Marianne Mørk Jøsang

**Prosjektleiar Bygdekvinner deler matglede**

Astrid Lund Folkvord

**Repr. i U-landsutvalet:**

Heidi Netland Berge og Marie Bergsholm Brunes

**Økonomisk ansvarleg:**

Jæren rekneskapslag

Kontaktperson: Gro Mabel Anda

**Sekretær:** Are Hauge Braaten

**Revisorar i RBK:**

Dagny Joa Skjelvik

Hege Brattebø

vara Inger Nilsen



*Bjerkreim Bygdekvinnelags pizzaogn-prosjekt i BDMG*

## Æresmedlemmer i Rogaland Bygdekvinnelag

Myrthel Grødem, Nærbø, frå 1992

Vårt æresmedlem Marta Bergjord gjekk bort sommaren 2021. Me lyser fred over hennar minne.




### JUBILEUM I LOKALLAGA I 2021

Rogaland 75 år
Finnøy 95 år
Heskestad 65 år
Ropeidhalvøya 15 år
Sjernarøy 50 år
Skjold 65 år
Vats 70 år

### JUBILEUM I LOKALLAGA I 2022

Erfjord 65 år
Gjesdal 95 år
Skåre 95 år

### JUBILEUM I LOKALLAGA I 2023

Helleland 75 år
Lund 75 år
Randaberg 85 år
Sand 85 år

### JUBILEUMSFEIRING ROGALAND BYGDEKVINNELAG 75 ÅR

Fram til 1946 var bygdekvinnelaga i Noreg underlagd Noregs Bondelag. I 1946 vart organisasjonane skilde, og Rogaland Bygdekvinnelag vart skipa slik me kjenner organisasjonen i dag. Me markerte 75 år som eige fylkes og distriktslag i 2021 med ein jubileumsfest på lokallagssamlinga i Haugesund. Målfrid Stangeland og Liv Hobberstad stod for prolog og opplesing.

# Representasjon 2021

## Marianne Jøsang, leiar

Delteke på 5 styremøter digitalt og 3 styremøter fysisk i RBK

Delteke på 4 AU-møter, digitalt med BDMG

Delteke på 4 styremøter, digitalt med RB

Lokallagsamling 25/1 digitalt

Årsmøte i RBK 20/3 digitalt

Digitalt lunsjmøte med Norges Bygdekvinnelag 9/4

Digital samling og lansering av ny logo 15/6

Finnmarkstur og distriktleiarsamling 17.-22/8

Lokallagsamling digitalt 31/8

Delteke fysisk på årsmøtet til Gjesdal 21/10

Inspirasjonsseminar NBK Lillehammer 5-7/11

Lokallagssamling Haugesund 19-20/11

## Solveig Marie Ådneram, nestleiar

Delteke på 7 styremøte i RBK

Delteke på 2 styremøte i RBU

Delteke på 3 møter i arbeidsgruppe for revidering «Valnemndsarbeid», digitalt

| | |
|---|---|
| 25.januar | Lokallagssamling, digitalt |
| 20.mars | Årsmøte RBK, digitalt |
| 19.mai | Distriktsleder samling, digitalt |
| 31.august | Lokallagssamling, digitalt |
| 25.oktober | Distriktsleder samling, digitalt |
| 28. oktober | Årsmøte Sirdal Bygdekvinnelag |
| 5.-7.november | Inspirasjonsseminar, Lillehammer |
| 19.-20.november | Lokallagssamling, Haugesund |

## Margrethe Tytlandsvik, styremedlem

Styremøter totalt;  deltatt på 5 digitale & 3 fysiske, Lokallagssamling  25.01. – digitalt. Årsmøte Erfjord, Sand og Ropeid. Lokallagssamling 31.08. – digitalt. Inspirasjonsseminar Lillehammer - 05 – 07.11. Lokallagssamling Haugesund – 19 & 20.11.

## Inga Lill Håkull, styremedlem

Styremøter totalt;  deltatt på 5 digitale & 3 fysiske, Lokallagssamling  25.01. – digitalt. Årsmøte i RBK Sola 20.03 – fysisk. Lokallagssamling 31.08. – digitalt. Inspirasjonsseminar Lillehammer - 05 – 07.11. Lokallagssamling Haugesund – 19 & 20.11.

## Gro Mabel Anda, styremedlem

Deltatt på 5 styremøter digitalt og 3 styremøter fysisk

Lokallagsamling 25/1 digitalt

Årsmøte i RBK 20/3 i Stavanger

Lokallagsamling 31/8 digitalt

Årsmøte Nærbø BKL 29/9

Årsmøte Klepp BKL 14/10

Inspirasjonsseminar NBK Lillehammer 5-7/11

Lokallagsamling Haugesund 19-20/11

**Representasjon for prosjekt «Bygdekvinner deler matglede» (BDMG):**

10 møter (fysisk) i Arbeidsutvalget

9. mars Digital Samling

28. desember deltok i Lokalen Rogaland – tema: Eplemat og info om prosjektet

Besøkt lokalt prosjekt i Julebygda Barnehage som hadde «Gladmatveke»

Besøkt lokalt prosjekt i Bjerkreim – der vi bakte og steikte masse godt i pizzaovnen

## Astrid Lund Folkvord, styremedlem til mars 2021, prosjektleiar i BDMG

2 styremøter digitalt

Deltatt på digital lokallagssamling 25/1

Årsmøte RBK 20.3 i Sola

**Representasjon for prosjekt «Bygdekvinner deler matglede» (BDMG):**

10 AU møter (fysisk)

1 digital samling for prosjektet (9/3)

Lokallagssamling i Haugesund (20/11)

Besøk til lokale prosjekt: Erfjord (15/9), Sandnes (8/3) og Bjerkreim (27/10)

6 planleggings/arbeidsmøter m/forskjellige kontakter

28/12 NRK lokalen – info om BDMG og matprat

## Arbeid i distriktsstyret

Enda et år med Coved-19 pandemi & restriksjonar har igjen prega arbeidet vårt i Rogaland bygdekvinnelag.

Me har ikkje fått gjennomført alle planane våre dette året heller.

Me har likevel fått gjennomført totalt 8 styremøte; 3 fysiske og 5 digitale over teams.

Det er blitt handsama 38 saker.

Stor takk også dette året til styremedlem Gro Mabel som har ei «stø hand» om økonomien vår. Ei likeså stor takk til sekretæren vår Are som held kontrollen på all innkommen post, e-post og møter,  og ikkje minst oss damene i styret…

### Distriktsårsmøte i Rogaland Bygdekvinnelag 20.-21. mars

På grunn av dei strenge restriksjonane på landsbasis,  blei årsmøtet arrangert digitalt. Dette fungerte bra. Fysisk til stede frå styret var; Gro Mabel Anda & Inga Lill Håkull, sekretær Are samt ordførar for dagen Bente Gro Slettebø, til stede på Quality Airport Hotell Sola denne laurdagen. Resten av styret var med digitalt.

### Distriktsledersamling 17.–21.august 2021

Norges Bygdekvinnelag la samlinga til Finnmark'en der kor vår leiar Marianne Jøssang deltok. Ei fantastisk reis med mange flotte opplevingar og god minner å sjå tilbake på.

### Inspirassjonsseminar – Lillehammer 5.-7.november 2021

Norges Bygdekvinnelag arrangerte Inspirasjonsseminar i / på flottaste Lillehammer. Distriktsstyret deltok og me fekk ei flott oppleving. All ros til NBK for eitt flott opplegg med mange flotte «foredragshaldarar» som kom med mange gode «innputt» som me kan dra nytte av ute i lokallaga. Laurdag ettermiddag  var det lagt opp til sightseeing, enten vandretur i nærområdet eller ein tur oppom Maihaugen for å sjå bl.a. barndomsheimen til Dronning Sonja.

Begge kveldane var det god mat og underhaldning; fredag med Carol og Thor Kvande, mens laurdag var det Hildegunn Øiseth og Mattis Kleppen.

## Lokallagssamling 2021

Lokallagsamling 1; 25.januar blei lokallagssamling på «Teams» ilag med mange tilhøyrarar.

Lokallagssamling 2; 19.-20. november var samlinga arrangert i Haugesund.

Mange flotte deltagare frå dei ulike lokallaga i fylket.

Me hadde flotte foredragshaldarar her også med flotte varierte innlegg. Me fekk også langvegsfarande besøk av sjølvaste leiaren i Norges Bygdekvinnelag, Jorunn Henriksen. Ei flott dame som det er verdt å høyre på. Elles var det også innlegg frå prosjektet vårt BDMG ved Astrid Lund Folkvord, Gro Mabel Anda & Heidi Netland Berge, samt litt kursing i valnemdsarbeid ved Solveig Marie, og heimeside ved Åse-Berit Fidjeland og Heidi Netland Berge. Alle innleiarane fekk kvar sitt nett med lokalmat.

## Matprosjektet «BDMG» Bygdekvinner deler matgleder

Utroleg mange flotte prosjekt som er blitt presentert, men og mange prosjekt som er blitt sett på vent som følgje av alle restriksjonane rundt om.

Likevel må ein få lov å få retta ein stor takk til arbeidsstyret ved Astrid og Gro Mabel for all støtte, oppfølging og ikkje minst pushing for at me alle skal komma i hamn med våre ulike prosjekt innan fristens utløp.

## RBK-Nytt

Bladet er ikkje blitt sendt ut på lenge nå, men til gjengjeld vert det på vegne av styret sendt ut både påske – sommar & julehelsing til lokallaga.

Ein kan også snappe opp informasjon via Facebooksida til RBK.

## Aktivitet

Sjølv alle restriksjonar rundt om har det vore allsidig aktivitet ute i lokallaga som me i distriktsstyret har vore så heldige å få tatt del i.

Me e’ stolte av alle Bygdekvinnene som viser ein så fantastisk og god aktivitet i desse tider.



*Sand Bygdekvinnelag arrangerte møte med dei unge mjølkebøndene i Kvilldal, Sigrid Bakka og Torhild Vårvik*

## Rogaland BU

Me har gjennom året hatt ein jamn dialog med fylkesstyret i RBU, samt delteke på kvar sine styremøte fysisk eller digitalt. RBU hadde jubileum som oss i år, og som gåve saman med Rogaland Bondelag, gav me dei pengar i RBU sitt namn til Rogalandsgarden i Kamerun.

Me rettar ein stor takk for samarbeidet, og ikkje minst til Håkon Goa som har våre med oss dette styreåret.

# Protokoll frå Rogaland Bygdekvinnelags årsmøte 2021

Årsmøtet var haldt over Teams laurdag 20. mars 2021.

Konstituert leiar i Rogaland Bygdekvinnelag, Marianne Jøsang opna møtet og ønsket alle velkommen til årsmøtet

Ordstyrar Bente Gro Slettebø opna så den første delen av årsmøtet, og gav informasjon om årsmøtet.

Som følgje av den globale COVID 19-pandemien var møtet haldt over Teams, og røystinga vart utført over Questback sendt direkte til delegatanes mobiltelefon.

## Årsmøtesaker

a) Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og saksliste vart godkjende.

b)Val av to til å skriva under møteboka/protokollen

Tone Berge Aas, Heidi Netland Berge vart valde til å signere protokollen:

Sekretæren tok opprop, det var 5 forfall og 45 med røysterett. Unni Skadsem fekk delegatnummer 51, utan stemmerett.

## Leiars tale ved Marianne Jøsang (utdrag)

Kjære ordstyrar, kjære årsmøte.

Bygdekvinnelaget, smak på det namnet. Det er ein stor organisasjon. Eit stort fellesskap. Eit fellesskap som eg er heldig å vere medlem av. Som det i dag er 12 000 medlemer av i Noreg. Som alle som vil kan bli medlem av. Og fellesskapet er viktig for alle, spesielt i tider som når pandemien rår.

Mange av dei som ikkje kan flytta på seg av diverse grunnar, føler seg nå aleine. Kanskje bur familien langt vekke, og tilrådinga frå FHI er, hald deg heima. Kanskje har heimetenester vorte avlyst. Kanskje har dei problem med å takla kvardagen frå før, og pandemien gjer det ikkje betre. Kanskje bur dei på sjuke/aldersheim og får ikkje lov å ta imot besøk.

Heldigvis har det byrja koma vaksine og innstramingane har fleire stader verte letta på, og for mange har det blitt betre tider.

Men fortsett er det dei som fell utanom.

Det å kunna kjenna nokon som stikk innom, må vere gull verdt. Men når det ikkje går, kva då?

Ringja, ja det går fint. Over ei stund. Men saknet etter å sjå nokon blir større og større.

Teknologien har gått fort fram, og «gløymt» å ta med seg dei som ikkje kan!

F. eks har eg høyrt om ganske mange eksemplar, der dei som ikkje kan, ikkje har fått SMS for innkalling til vaksine. Ei dotter eller son har tilfeldigvis kikka på telefonen og funne at OISANN, der var jo den SMSen. Eg håpar verkeleg at alle har nokon som kan hjelpa desse å sjekka tlf.

Men fellesskapet finns i teknologien og. Til og med bland dei eldre. For viss du som dotter, son, venninne eller kompis tek med deg Facebook, Teams, Zoom, Skype, eller kva det måtte vere, så kan dei som ikkje kan, få sjå korleis me har det. Det blir på ein måte som å ha sertifikat på bil. Då kan du køyra, tilmed forskjellige bilar. Slik er det med sosiale media og. Har du vore borti ein, f.eks Teams, er det lettare å forstå dei andre. Men har du aldri lært å køyra bil, så stoppar det der. Då må du ha hjelp av andre til å koma frå A til B. Forslaget er at lokallaga skipar til kurs, der temaet kan vere f.eks opplæring på videosamtaler, og me i RBK stiller med råd og hjelp så langt det lar seg gjera.

Far min blir 87 år i neste månad. Han har sertifikat og bil. Bur heime og ordnar seg sjølv. Han har laptop, nettbrett og smarttelefon. Ganske godt utstyrt med andre ord. Då mor jobba i posten, fekk ho tidleg på nittitalet eit godt pakketilbod. Og dermed kom første datamaskin til gards. Men kven lærte seg å bruka den? Jo, far.

Den store hobbyen er å restaurere gamle bilete. Han brukar programmer på pc-en til det. Og då mor gjekk bort i 2012 vart det meir og meir brukt, og han kom inn på Facebook. Styrar stort med å finna løgne profilbilde. Og til meir folk kommentarar, til kjekkare har han det.

Far har god kontakt med ein utflytta suldøl som bur i Australia. Dei snakkar saman på Skype, og slik eg forstår det, kan det fort verte både lange samtalar og skeivheitar i døgeret. Aldri så nøye, fellesskapet er der! (…)

## Innlegg frå NBK ved Jorunn Henriksen, leiar i NBK

Tema: digitale utfordringar, lokallaga er ryggrada i organisasjonen, organisasjonsarbeid som ny vegleiar til valnemnda og logo, nei til tredje rullebane på Gardermoen, NBKs innspel klimamelding – berekraftig matproduksjon på eige ressursar. Etterspør norsk mat, meir norske frosne grønsaker. Ikkje meir import av kjøt og meieriprodukt på for å selje fisk. Husk å sjekke adresselistene om dei er riktige. Hald trykket oppe på verving.

## Frå debatten på leiars tale og innlegg frå NBK:

10 Margunn Nedrebø: corona, digitalt fellesskap, forbrukarmakt, spennande organisasjonsutvikling, 51 Unni Skadsem: jordvern, einsemd, 28 Solveig Marie Ådneram: gode poeng i leiars tale, helse, verdt å få Jorunn og Unni inn i leiarrolla i NBK- de gjer ein god og inspirerande jobb, 26 Marianne Jøsang: takk for ein flott tale frå Jorunn, 27 Gro Mabel Anda: oppfordre lokallaga til å sjekke adressene. Jorunn Henriksen hadde siste replikk.

## <u>Sak 1. Årsmelding 2020</u> – gjennomgang ved Inga Lill Håkull

Debatt om årsmeldinga: 13 Åslaug Årsland Grude – takk for ein flott årsmelding, kvifor har me ingen medlem i ulandsutvalet, korreks på jubileum, 21 Annvor Kyllingstad Undheim – korreks på lokallagsleiar i Orre 2021, kommenterer på at det ikkje har vore purring på kontingenten.

## <u>Sak 2. Rekneskap 2020</u> – gjennomgang ved Gro Mabel Anda

Det var ingen kommentarar på rekneskapen.

## Sak 3. innkomne saker.

Det vart ingen innkomne sakar

## Sak 4. Arbeidsplan 2021-22 lagt fram av Solveig Marie Ådneram

Debatt om arbeidsplan: 30 Anne Margrethe Myhre: bruk studieforbundet meir, 15 Tonje Nærland Kloster: følg opp og promoter nasjonale prosjekt som tradisjonsmatskulen, 51 Unni Skadsem: god arbeidsplan, viktig å stimulere til aktivitet i lokallaga under og etter corona, sonemøter kan me tenke nytt om.

<u>*Votering sak 1, 2 og 4:*</u>

Årsmelding, rekneskap og arbeidsplan vart godkjent av 44 av 44 røyster.

## Sak 5 – Budsjett 2021 vart lagt fram av Gro Mabel Anda

Eventuelle endringar av telefongodtgjersle skal som andre styregodgjersler leggast fram av valnemnda, og vart flytta til etter valet. Budsjettet vart vedteken.

Budsjett vart godkjent med 42 av 42 røyster

## Orientering om Bygdekvinner deler matglede

Astrid Lund Folkvord orienterte om prosjektet «Bygdekvinner deler matglede» – eit prosjekt som går til 2022 med støtte frå Gjensidigestiftelsen.

Diskusjon: 28 Solveig Marie Ådneram: applaudere arbeidsgruppa og det gode arbeidet som har vore gjort. 23 Håkon Goa: BDMG er eitt spesielt tema, synd at corona har skapt utfordringar, det har vore godt samarbeid mellom BK og BU. 38 Møyfrid Rott: takk til Astrid, me hadde ein suksessfull komlekveld i prosje ktet

## Sak 6. Val vart lagt fram av Gerd Haugsland Kolstø frå valnenmda

Solveig Marie Ådneram vart nominert som nestleiar.

*Disse tok ordet i debatten:*

32 Målfrid Takle Folkvord: kvifor er det ingen kandidatar til styre frå sone 3? 10 Margunn Nedrebø, 41 Ingrid Haugstad Håland, Gerd Haugsland Kolstø, sekretæren orienterte om vedtektene, 23 Håkon Goa, 34 Åse Berit Fidjeland 32 Målfrid Takle Folkvord

*Val av styre i Rogaland Bygdekvinnelag:*

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Leiar: | Marianne Jøssang | (1 år) | valt med 97% av røystene |
| Nestleiar: | Solveig Marie Ådneram | (1 år) | valt med 90% av røystene |
| Styremedlem (sone 1) | Solveig Marie Ådneram | (2 år) | valt med 93% av røystene |
| Styremedlem (sone 2) | Gro Mabel Anda | (ikkje på val) | |
| Styremedlem (sone 4) | Margrete Tytlandsvik | (2 år) | valt med 100% av røystene |
| Styremedlem (sone 5) | Inga Lill Håkull | (ikkje på val) | |

Vararepresentantar til fylkesstyre, alle for 1 år:

| | | |
|---|---|---|
| 1. vararepresentant : | Else Heskjestad | (sone 1) valt med 100% av røystene |

2. vararepresentant : Wenche Skadsem Haaland (sone 3) valt med 97% av røystene

Revisor i RBK:

Dagny Skjelvik (ikkje på val)

Hege Brattebø Valt med 100% av røystene

Vara revisor: Inger Nilsen Valt med 100% av røystene

Ordstyrar for årsmøte 2022:

Margunn Nedrebø Valt med 95% av røystene

Varaordstyrar: Hege Brattebø Valt med 97% av røystene

Valnemd til årsmøte 2021:

| | | |
|---|---|---|
| Sone 1 | Anne Karin Hammer | (ikkje på val) |
| Vara | Anne Tollefsen | (ikkje på val) |
| Sone 2 | Aud Ellen Risa | Valt med 79% av røystene |
| Vara | Catrine Grønvold | Valt med 90% av røystene |
| Sone 3 | Gisken Hareland | Valt med 90% av røystene |
| Vara | Møyfrid Rott | Valt med 95% av røystene |
| Sone 4 | Gerd Haugsland Kolstø | Valt med 93% av røystene |
| Vara | Anne Margrethe Myhre | Valt med 93% av røystene |
| Sone 5 | Kari Bauge | (ikkje på val) |
| Vara | Liv Stine Thune | (ikkje på val) |

Signert:

Are Hauge Braaten (referent) Bente Gro M. Slettebø

Tone Berge Åse Heidi Netland Berge




# Lokallagsamling i Haugesund

Rogaland Bygdekvinnelag skipa til samling for dei som ville vere med, anten det var medlemer eller styremedlemer. Dette føregjekk på Hotell Maritim i Haugesund, 19.-20. november. Ved frammøte var det registrering, og litt å bite i, medan me kunne gå rundt å prate med kvarandre. Ca. 50 damer syns det var stor stas å få vere saman.

Først på programmet på fredagen var å ynskje velkomen av leiar, Marianne Jøsang. Ho let og laga reise seg og presentere seg. Deretter hadde Jorunn Henriksen, leiar i Norges Bygdekvinnelag innslag om aktuelle saker.

Bodil Kvame frå Hjelmeland, og mannen hennar, har starta Omcider. Bodil fortalde om siderbedrifta, fleire typar sider, og viste bilete. Me fekk sider som aperitiff, og me smaka på to forskjellige typar. Koseleg stund, medan me venta på å setje oss til bords.

75-års jubileet vart markert med festmåltid, med blåskjelsuppe til forrett. Hovudretten var konfittert and og desserten var crème brulé. Liv Hobberstad og Målfrid Stangeland hadde kvar si opplesing, som var kjekke å høyre på.

Are fortalde litt om medlemsauke, og hadde utdeling av gåvekort frå Bondekompaniet til laget med flest nye medlemer, Sandnes Bygdekvinnelag. Sirdal og Bjerkreim Bygdekvinnelag kom på andre og tredje plass, og fekk kvar sine poser med spekepølse, flatbrød og juice, alt lokale produkt.



*Astrid Lund Folkvord fekk kjevle*

Me hadde og ei ekstra gåve, eit kjevle, til Astrid Lund Folkvord, som ho fekk denne kvelden. Dette fordi ho var med i styret. Ho var òg med og starta prosjektet "Bygdekvinner Deler Mat Gleder", og står framleis for veldig mykje arbeid der.

Innimellom gjekk drøsen godt, og det var ein triveleg kveld.

Laurdag morgon starta med mjuke tankar ved Margrete Tytlandsvik. Og så la Astrid Lund Folkvord fram om Bygdekvinner Deler Mat Gleder og stoda der. Dette prosjektet nærmar seg no slutten.

Gro Mabel Anda delte oss inn i grupper. Samtaler og idémyldring gjekk godt for seg rundt borda, og fleire idear til nytt prosjekt kom fram.

Så var me i gang med kurs. Solveig Marie Ådneram losa oss gjennom korleis gjere godt valarbeid. Heidi Netland Berge og Åse Berit Fidjeland viste bileter på skjerm korleis me best kan få til nettsida. Deltakarane var ivrige og hadde stadig spørsmål å komme med.

I pausen innimellom hadde me utsjekking, ein god lunsj, og jubileumskake som alle kunne forsyne seg av, attåt kaffien.

Me skulle og hatt Anne Margrethe til å halda foredrag om Studieforbundet. Men sidan mange av deltakarane skulle på jubileumsfest med Rogaland Bygdeungdomslag, valde me å slutte av tidlegare. Studieforbundet skulle i staden halda foredraget på Teams utpå nyåret.

Alt i alt var dette ei vellukka samling. Styret fekk mykje positive tilbakemeldingar. Det gjorde godt å få vere saman. Tusen takk til alle som var med.



*Forsamlinga følgde godt med frå forskriftsmessige runde bord*

# Distriktsleiarsamlingar 2021

## *27.april, Marianne Jøsang*

Digitalt møte med informasjon ang distriktssamling i Finnmark, 17.-21.august.

Det blei og minna på betaling av kontingent.

## *19.mai, Solveig Marie Ådneram*

Digitalt møte.

Det blei orientert om Stortingsvalget 2021.

Valpakka som lokallagsleder og distriktsleder har fått i posten, mens resten får det på mail. Dette ligger også på nettsida for nedlasting. Viktig at me er aktive og bruker det som er tilsendt og får tilsendt.

Me fekk tips om å gjer lesarinnlegg som kjem ferdige frå Norges bygdekvinnelag, til vårt eige. Gjerne koordiner det med andre nærliggande lokallag, at ein ikkje sender det same i same avis, men går saman om å senda det inn. Distriktslaget sender lesarinnlegg der det ikkje er lokallag. Men ver obs på at ikkje eit aktivt lokallag sender inn til same avis.

Me blei oppfordra til å motivera og mobilisera lokallag til å bruka forslaga til aktivitetar som står i valpakka. Ein kan og kombinera aktivitetar med Bygdekvinnelagsveka 20.-30.august.

Pr 19.mai har Norges bygdekvinnelag ca 2000 færre medlemmer enn i fjor. Rogaland har 955, mens hadde 1149 medlemmer på same tid i fjor. På landsbasis er det ein avgang/utmelding på 862 stk, mot 404 i 2020. Dette inneberer at Norges bygdekvinnelag får 1,4 millionar mindre i tilskot. Ny funksjon i medlemsregisteret: Ein kan ta ut ein total for kvart fylke. Det ligg under rapporter og medlemsstatistikk.

Det vert lansering av ny logo 15.juni. Det har våre ei arbeidsgruppa, med representantar frå alle ledd: lokalt, distrikt, sentralt og sekretariat. Ny logo = ny profil, som inneber ta me får ny font (skrifttype), farger, malar, brevmalar osv. Alt kjem gradvis. Det er og laga nye logoar til kvart lokallag.

## 25.oktober, Solveig Marie Ådneram

Digitalt møte.

Møtet starta med ein god runde med oppdatering frå kvart distrikt. Spennande å høyra kva som skjer rundt i distrikta.

Det kom spørsmål om kor lenge nokon kan sitta i lokallagsstyret, då det var nokon som hadde sitte i styret i 20 år. Det er kunn leiar som har avgreinsing. Her kom det tips om at det

valnemnda si oppgåve å sirkulera på medlemmane, og at dei må spørja/intervjua styret om korleis ting er.

Me fekk ei oppsummering ang valet, dvs kva saker som NBK hadde fått med, og kva lesarinnlegg som hadde blitt teke med rundt om i landet. Dette kjem det ei oversikt over i bladet Bygdekvinner, samt at det kjem ei nettsak på det. Dette er viktig å visa fram til lokallaga slik at dei ser at det nytter med lesarinnlegga.

Norges Bygdekvinnelag synes det var fint at det er fokus på medlemsvervinga. Det er framleis ei nedgang, kor alle distriktslaga er 10% under normalen. Ein må og hugsa UNG30, kor dei under 30 år betaler halv kontingent.

Elles var det informasjon om inspirasjonsseminaret i Lillehammer 5.-7.november.

## Finnmarkstur med distriktsleiarsamling

Våren 2021 kom det forslag om å skipa til distriktsleiarsamling i Finnmark. Merete Sabbasen Helander som er leiar i Tana Bygdekvinnelag, hadde lyst til at me skulle komma å sjå korleis dei har det der nord.

Ei slik samling trengs ein dag, eller to halve, som i dette tilfelle. Men for å oppleve Finnmark trengs det fleire dagar. Og dermed varte turen frå 17. til 22. august.

Ettermiddagen på tysdag den 17. august møttest 30 damer i Alta. Nokre var kome med eit fly tidlegare, og nokre hadde vore der sidan helga før. Me blei presenterte for bussjåføren som skulle køyre oss dei første dagane.



*Tana Bygdekvinnelag var vertskap*

Første stopp var innkvartering på Thon hotell Kautokeino, og då seier det seg mest sjølv at tur til Juhls sølvsmie var innlagt. Dotter Sunniva Juhl fortalde om når foreldra Regine og Frank vart kjent med kvarandre, og når dei starta smia, den første av sitt slag i Finnmark. Dei "vevde" sølvkunsten inn i historier, tradisjonar og samisk kultur. Dotter Sunniva har nå overteke drifta, og lagar også smykkar på sitt vis.

18.august starta med busstur over mykje vidder for å koma til Karasjok. Me fekk omvising kunn på utsida, grunna pandemien, rundt Sametinget. Men me lurte oss til å kikka inn vinduene der det ikkje var alt for påfallande. Ein av dei tilsette fortalde om bygningen og historia bak Sametinget.

Seinare kledde me oss med regnklede og redningsvest. Turen med elvebåt oppover Tanavassdraget var fantastisk. Far og søner fekk oss trygt på plass i lavvoen deira. Her var det oppvarting med varmretten bidos (reinsdyrsuppe) medan dei fortalde historier og joika til oss. Dei førte oss sjølvsagt òg trygt tilbake same vegen (les elva). Overnatting på hotell Scandic Karasjok.

Me samla oss morgonen 19.august, på bussen for køyring til Tana. No hadde me også leiaren i Tana bygdekvinnelag, Merete Sabbasen Helander med oss. Ho peika og forklarte; At me køyrde langs finskegrensa og Tanavassdraget, og ho viste oss garden ho var oppvaksen. Ein liten stopp ved Samelandsbrua vart det og.

Vel framme i Tana Sentrum, som vert kalla Tana Bru, var det innsjekk på Hotell Tana, og derifrå var det gåavstand bort til rådhuset, der me skulle vere ilag og ha distriktsleiarsamling.

Leiaren i Norges Bygdekvinnelag, Jorunn Henriksen ynskte velkomen, tett fylgt av Ulf Ballo som fortalde om kommunen, og Merete (ho jobbar på rådhuset) som fortalde om beitenæring og landbruksforvaltning i Finnmark.

Me fekk og høyre ein politisk redaktør sitt blikk på Stortingsvalet, korleis kan Bygdekvinnelaget bli ein meir synleg interessepolitisk aktør, ved Rino Andersen, tidlegare politisk redaktør i Nationen.

På kvelden vart me fordelte i privatbilar (damene i Tana Bygdekvinnelag var sjåførar), og køyrde til Austre Tana og Kildesli sjøsamiske naturhus. Her varta damene opp med lokal kongekrabbe til forrett, bidos til hovudrett og moltekrem til dessert. Fotograf Øystein Hauge viste oss bilete av dyr og natur, og kona Wivian viste fram den flotte sjøsamiske kuftesamlinga si. Ein minnerik kveld, som det var veldig koseleg å få vere med på.

Andre del av distriktsamlinga fortsette på føremiddag 20.august, der me først hadde om verving og rekruttering. Nokre av distriktslaga la fram om arbeidet sitt mellom seg og lokallaga, og òg mellom seg og sentralstyret.

Me snakka om kor viktig det digitale arbeidet har vorte.

